

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5.

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Årdal.

Emne: Vassbering.

Bygdelag: Sogn.

Oppskr. av: Tomas Hæreid.

Gard:

(adresse): Årdalstangen

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Delvis det og

B. ~~Eller om den~~ er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): mellom anna bonde Ola.T.Læg Reid, over 75 år .

## SVAR

Vassbering:

Etter den fyrste heimskrig 1914-1918 var vassbering eit vanleg syn i alle krinsane i Årdal. Berre i nokre heimar var det innlagt vatn.

Etter den andre heimskrig 1939-1945 er dei heimar som ikkje har innlagt vatn i stort mindretal. Her då også rekna med ein større krins på omlag 100 heimar, som brukar pumper. Ikkje så få har elektriske. Men også her (Farnes) er det planlagt vassanlegg.

Ein kan elles rekna med vatn i omtrent alle heimar i nærast<sup>e</sup> framtid. Å få vass-spreidarar til vatning av eigedomane vil også påskunda dette.

Men ennå ser ein k j e l d a med s t o n g og b y t t a på ymse gardar, vassbolet og brønnen. Og framleis er den u t s k i f t e vassvegen ein servitut, som ingen gjev opp retten til utan å vera sikra innlagt vatn istaden. Dette fekk si prøve i tyskeåri på Årdalstangen, då tyskarane tvangstok eigedomar med vasstak frå uminnlege tider.

I ei typisk bærebygd eller byrdabygd som Årdal var det å bera vatnet det mest vanlege. Når det var køyreveg og om vinteren med føre hende det ofte at folk på gardane k ø y r d e i vasskjerald, og hadde gjerne ei bytta oppi, så det ikkje skulle skampla så mykje vatn or. Men vass-selen og vassbyttene vart no det mest vanlege for alle. Og det vart ~~gjort~~ og vert framleis gjort av bae kjønn, - ja borni måtte også hjelpa til, då helst gjerne med s i n e bytter, som dei også kunne ha ein mindre vass-sele, som s a t på herdane. For det var det viktigaste kravet, attåt at sjølve vass-selen var ~~lett~~, lett i seg sjølv. d. v. s.: Smekker og lett fråseg-gjord, og i den siste tid smekre vass-seleband (lek~~kjer~~) med ein flyttbar krok, slik at vass-selen kunne nyttast til små og store menneskje.

Med ein g o d vass-sele meinte ein såleis ein som var både lettast og best, og som ein fekk mest vatn heim i. Jernbytter var mest brukte i den siste tid, og med lange avstandar låg det eit trelok oppi byttene. G~~reidde~~ ein så gå i takt, fekk ein sjølv sagt bore mest heim. For bar ein vinterdagen slik at det skvampla ned, ~~frakk~~ vart vassvegen hål, og så måtte ein bruka broddar. I vind, hálka og etter avdaga var det sagte verst bera vatn. Men kjeraldet i fjøsen og krusi inne måtte det berast vatn i, helg som sykne og same kva ver det ~~skvane~~



2

or sky bles.

At slikt vatn som stod over i vassbidni langt frå vart så friskt som det skulle er rimeleg, for den som bar visste kva det kosta, og kravde sparing av dropane.

Serleg helsesamt med drikkeausa i krusi eller bytta var det heller ikkje.

Teknikken kan såleis velsignast som kom og kjem <sup>med vatnet</sup> ~~av seg~~ sjølv til heimane, både til den tofotte som den firfotte, slik av seg sjølv, frik og rein som si eigi kjelda, og vonleg vil kunna gjera vass-beringi til EN SAGA BLOTT I VASSLANDET - NOREG.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

BYGDØY

673

Thomas Breis



## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Årdal.

Emne: Vassbering.

Bygdelag: Sogn.

Oppskr. av: Tomas Hæreid.

Gard:

(adresse): Årdalstangen

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Delvis det og

B. ~~Etter om den er~~ etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
mellom anna bonde Ola. T. Læg Reid, over 75 år.

## SVAR

Vassbering:

Etter den fyrste heimskrig 1914-1918 var vassbering eit vanleg syn i alle krinsane i Årdal. Berre i nokre heimar var det innlagt vatn. Etter den andre heimskrig 1939-1945 er dei heimar som ikkje har innlagt vatn i stort mindretal. Her då også rekna med ein større krins på omlag 100 heimar, som brukar pumper. Ikkje så få har elektriske. Men også her (Farnes) er det planlagt vassanlegg. Ein kan elles rekna med vatn i omtrent alle heimar i næraste framtid. Å få vass-spreidarar til vatning av eigedomane vil også påskunda dette. Men ennå ser ein k j e l d a med s t o n g og b y t t a på ymse gardar, vassbolet og brønnen. Og framleis er den u t s k i f t e vassvegen ein servitut, som ingen gjev opp retten til utan å vera sikra innlagt vatn istaden. Dette fekk si prøve i tyskeåri på Årdalstangen, då tyskarane tvangstok eigedomar med vasstak frå uminnlege tider.

I ei typisk bærebygd eller byrdabygd som Årdal var det å bera vatnet det mest vanlege. Når det var køyreveg og om vinteren med føre hende det ofte at folk på gardane k ø y r d e i vasskjerald, og hadde gjerne ei bytta oppi, så det ikkje skulle skampla så mykje vatn or. Men vass-selen og vassbyttene vart no det mest vanlege for alle. Og det vart og vert framleis gjort av baa kjønn,- ja borni måtte også hjelpa til, då helst gjerne med s i n e bytter, som dei også kunne ha ein mindre vass-sele, som s a t på herdane. For det var det viktigaste kravet, attåt at sjølve vass-selen var lett i seg sjølv.d.v.s: Smekker og lett fråseg-gjord, og i den siste tid smekre vass-seleband (lekkjer) med ein flyttbar krok, slik at vass-selen kunne nyttast til små og store menneskje.

Med ein g o d vass-sele meinte ein såleis ein som var både lettast og best, og som ein fekk mest vatn heim i. Jernbytter var mest brukte i den siste tid, og med lange avstandar låg det eit trelok oppi byttene. Greidde ein så gå i takt, fekk ein sjølv sagt bore mest heim. For bar ein vinterdagen slik at det skvampla ned, vart vassvegen hál, og så måtte ein bruka broddar.



I vind, hálka og etter avdaga var det sagte verst bera  
vatn. Men kjeraldet i fjøsen og krusi inne måtte det  
berast vatn i, helg som sykne og same kva ver det or  
sky bles. At slikt vatn som stod over i vassbidni langt  
frå vart så friskt som det skulle er rimeleg, for den  
som bar visste kva det kosta, og kravde sparing av dro-  
pane. Serleg helsesamt med drikkeausa i krusi eller byt-  
ta var det heller ikkje. Teknikken kan såleis velsignast  
som kom og kjem med vatnet til heimane , både til den  
toføtte, som den firføtte, slik av seg sjølv, frisk og  
rein som si eigi kjelda, og vonleg vil kunna gjera vass-  
beringi til EN SAGA BLOTT I VASS-LANDET - NOREG.

--- o o o o ---

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

673

BYGDØY

Reell avskrift L. Aall.